

Kulturdepartementet  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Oslo 16. april 2012

## HØYRINGSFRÅSEGN OM LITTERATUR- OG SPRÅKPOLITISKE VERKEMIDDEL

Noregs Mållag viser til Kulturdepartementets høyringsbrev datert 4. januar 2012 og sender med dette over vår høyringsfråsegn.

Noregs Mållag vil i denne høyringa ta opp:

- Manglande vurdering av tilhøvet mellom gjeldande norsk språkpolitikk og litteratur- og språkpolitiske verkemiddel
- Manglande vurdering av konsekvensar for nynorsk
- Konsekvensar for mangfaldet i litteraturen

### Manglande vurdering av tilhøvet mellom gjeldande norsk språkpolitikk og litteratur- og språkpolitiske verkemiddel

Stortinget handsama våren 2009 Stortingsmelding nr. 35 (07–08) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Vi er overraska over at utgreiingane frå Oslo Economics og frå Rønning ofl. ikkje på noko punkt refererer til overordna og stortingsvedteken norsk språkpolitikk.

Mellom dei tydelege føringane som kom frå Stortinget under handsaminga av Stortingsmeldinga, var:

*Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Fremskrittspartiet, vil særleg trekkje fram kor viktig både skjønnlitteratur og sakprosa er i samband med ein aktiv og heilskapleg språkpolitikk. I meldinga stilles det krav til at bokbransjen skal ta kulturpolitiske omsyn i verksemda si. Men Noreg er eit lite språkområde, og vil difor ikkje kunne ha ein stor nok bokmarknad til at marknaden åleine kan oppretthalde ein mangfaldig litteratur. Fleirtalet vil derfor streke under kor viktig det er at staten stimulerer bransjen og forfattarane til å ta kulturpolitiske omsyn, til dømes gjennom de språkpolitiske relevante verkemidlane som allereie eksisterer. Innst. S. nr. 184 (2008–2009), s. 41*

*Fleirtalet [alle unnateke medlemene frå Fremskrittspartiet] stør at det overordna målet for språkpolitikken skal vere å sikra det norske språket, bokmål og nynorsk, sin posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. Fleirtalet merkar seg vidare at meldinga legg vekt på det norskspråklege mangfalds- og jamstillingsperspektivet; det mangespråklege og fleirspråklege perspektivet; det nordiske perspektivet; samt det framandspråklege perspektivet som delar av ein heilskapleg språkpolitikk. Fleirtalet stør dei overordna prinsippa som meldinga legg til grunn for språkpolitikken i Noreg. Innst. S. nr. 184 (2008–2009), s. 33*

Vi er overraska og skuffa over at utgreiingane ikkje refererer til overordna og stortingsvedteken norsk språkpolitikk, og meiner dette er ein veikskap ved utgreiingane og vurderingane i dei.

### Manglande vurdering av konsekvensar for nynorsk

Eit av dei overordna prinsippa som Stortingsmelding nr. 35 (07–08) legg til grunn for språkpolitikken i Noreg, og som er referert til i Stortinget si handsaming (sjå sitat ovanfor), er *prinsippet nynorsk*, som vert teke opp i kapittel 5.7.4 (s. 82).

#### *1.4.1.4 PRINSIPPET NYNORSK*

*Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. Det normale vil då vera at nynorsken blir rekna med. Dette er kalla prinsippet nynorsk. I Noreg har nynorsk vore ein nødvendig føresetnad for at mange nok skal bry seg om den språklege sida av livet. Det gjer prinsippet nynorsk til ein nødvendig føresetnad i moderne kulturpolitikk. Innst. S. nr. 184 (2008–2009), s. 12*

Oslo Economics viser på side 82 i si utgreiing til brev frå [Litteraturselskapet] Samlaget. Litteraturselskapet er i sitt brev oppteke av kva konsekvensar litteratur- og språkpolitiske verkemiddel får for nynorsk litteratur. I utgreiinga si har ikkje Oslo Economics vurdert eller tematisert dette, trass i den påminninga dei tydelegvis har fått i innspel frå Samlaget, og trass i den klare føringa som ligg i *prinsippet nynorsk* i vedteken språkpolitikk.

Etter det vi kan sjå, har ingen av utgreiingane følgt ei klar språkpolitisk føring frå Stortinget om å vurdere kva konsekvensar eventuelle endringar har for nynorsk. Det er ikkje sagt noko om språkpolitiske følgjer av å opne for fripris, kontra dagens ordning med fastpris. Det er heller ikkje vurdert om ei boklov kan ha positive verknader for mindretalsspråket her i landet. Vi ventar at departementet syter for å få gjort slike vurderingar.

### Konsekvensar for mangfaldet i litteraturen

Noregs Mållag registrerer at særleg Rønning ofl. meiner fripris kan skada mangfaldet i litteraturen. Dei meiner den eventuelle prisreduksjonen berre vil koma på bestseljarar, og at bestseljarar vil selja meir, på kostnad av mindreseljande titlar. Vi har grunn til å tru at utvalet har rett, og at fripris er til særleg skade for nynorsklitteraturen, fordi eit mindretalsspråk oftast har lågare salstal enn fleirtalsspråket.

Vi meiner derfor at fastprissystemet, anten lovfesta eller avtalefesta, er eit gode for nynorsklitteraturen. Vi trur likevel at innkjøpsordningane til Kulturrådet, støtteordninga for nynorsk litteratur, støtta til Samlaget over statsbudsjettet og abonnementsordningane i Bokavtalen er vel så viktige.

Ved liberalisering av bokmarknaden, med tilhøyrande forbod mot kartelldrift, verkar det usannsynleg at abonnementsordningane i dagens bokavtale kan vidareførast. Sett frå vår ståstad er dette eit avgjerande argument for ein regulert bokmarknad, og det er særst viktig at ei eventuell boklov omfattar abonnementsordningar dersom ho kjem til erstatning for ein bransjeavtale.